

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1.

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Hemsedal

Emne: Ard og plog.

Bygdelag: Sørbyggda

Oppskr. av: Ola Rudvin f. 1899.

Gard:

(adresse): Hammerstadgt. 12 B^{II}, Oslo

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Både ard (i mälford: at m.) og plog har vore i bruk i bygda.


Arden har i mitt minne berre vore nytta til a° "hippe eplut'n" (hygge potetane). Då med sitt unnatak: Sette dei poteter i svart bratte åkrar, der vanleg plog ville velte jorda skammelig langt nedover, nytta dei i staden ard, som dei då drog ovanfra nedover, så jorda i staden vart velt til sides. (Eller dei grov potetane ned ved føter opp-ned). Skulle dei så korn i bratte åkrar, nytta dei ikkje arden, men "pikka" kornet ned: dei sådde fyrst og hakka så molda opp med grevet. Dermed vart kornet mylda ned. (Di "pikka" og innmed steinar og røyser som låg meinlig til, så dei ikkje fekk harva innat. Folk som hadde berre suråkrar og ikkje best på bruket, pikka kornet og grov potetane ned i alle tilfelle).

Arden vart som sagt nytta til hypping, og det mest vanlege var at ein drog arden. Ein drog og ein styrde, og så byttest ein på. Fyrst "grov" ein i "eplo" (reinska for ugras). Og så "hippa" ein. Potetgrast kunne då vera omlag ein 10-15 cm høgt. Det var "mélön"-arbeid (kåbell-arbeid).

Ardene var nok heimegjorde (eller bygdegjorde i alle fall). Utsjånaden kunne vel skifle noko alt etter det ein hadde for handa, men typen var lik (av dei eg sjølv har sett).

(Arden me hadde heime, såg omlag slik ut som skissen her. Åsen var laga av ein bøygde bjørkekrok, og så var det felt inn handred (handtak).

Skjivet var laga av tre, men jærnskodd. Skoningen hadde liksom ei lita veltreffjål til kvar side. Sjå skissen!).



Ein slik lett liten ard brong ein jølvsegt ikkje skoklar (målford: skökla) til. Ein drog han etter eit band over aksla. (Skjikt feste som vist på fig. 1-3 i spørjeskjemaet, har eg ikkje sett - at det ikkje har funnest i bygda her er eg ikkje påstå).

Regulering av kor djupt ein ville arden skulle gå (fig. 3), vil eg minnast å ha sett. Forresten styrde ein best djupet ved å halde handtaket meir eller mindre framover (ein "helvt" arden meir eller mindre "nedåt").

Har aldri høyrte ordet ard om nokoslag harv. Ardtyper fig. 5-7 har eg ikkje sett (men fordi kan dei vel ha funnest).


*

Plogar (målford: plog m.) med fast veltreffjål vart nytta til mot slutten av førre hundreåret. I 1880-åra tok det til å koma meir nymodnes plogar (vendeplogar), og dei gamle

plogane gjikk då etter kvart or bruk. I min barndom faust det mest ikkje ein einaste ein att av det gamle slaget. Så vidt eg minnest, har eg ein gang sett ein gamal plog der beverket var som på fig 11. Hadde dei både "nordplog" og "sø-plog" på ein gard, pløgte dei eit år med nordplozen og hitt året med sørplozen. Dermed fekk dei ikkje reine-jorda berre ved sine "landet" (åkerkanten). (Dessa plogane var gjerne heimgjordt).

Den plogtypen som var mest nytta i min oppvekst (1900-20), var kjøreplogar med vendedufføl (av stål) og utskiftbart skjer (støyt). Plogasen og styret var av tre. Dei hadde ikkje risteb. Dessa plogane var lette og hendige. Plogkaren gjikk oppå åkeren på den upløgde sida. (Nyare plogar, som er i bruk no, har ås og dobbelstyre av jarn).

Omlag som dette risset her var plogtypen 1900-20. No er denne typen for ein stor del att gått av bruk.



3-5-48.

G. R.

1548

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING